

Hallingdal Ungdomsråd
Torpomoen 27
3579 Torpo
Tlf: 95050826
E-post: linda@hallingdal.no

31.august 2020

Brakar
Bragernes torg 1
3017 Drammen

Ynskje om ekstra skulebuss mellom Gol og Hemsedal

Hallingdal Ungdomsråd ynskjer ein tidlegare bussavgang frå Gol til Hemsedal etter skuleslutt kvardagar.

Elevane ved Gol vidaregåande skule ser behovet for ein avgang kl. 13.45 frå Gol til Hemsedal. Bussen med avgang kl. 15.35 er ofte full og det blir trongt om plassen spesielt opp mot helg då passasjerar frå korresponderande buss og tog også tar denne bussen til Hemsedal. I tillegg må mange elevar vente unødvendig lenge før dei kan ta seg heimatt.

Med ein avgang kl. 13.45 vil det være betre kapasitet på bussen kl. 15.35 sidan elevane blir fordelt på fleire avgangar.

Ein ser også at sikkerheten til elevane blir betre ivaretatt med tanke på Covid-19.

Ei undersøking som vart gjort i 2015 viser at det også den gong var ynskje om ein skulebuss kl. 13.45 frå Gol til Hemsedal.

Me håpar de ser behovet elevane har og vil imøtekomme dette ynskje. Håpar de har høve til å gje Hallingdal Ungdomsråd ei snarleg attendemelding.

Med vennleg helsing

Linda Dalene Bjerke
Sekretær Hallingdal Ungdomsråd